

Solveig og Hans'n

På kjærleikens sti

Det hadde vore den finaste og varmaste sommaren i manns minne sa folk, sjølv om det hadde vore ein del torever. Men det var vanleg det når det var så varmt over lenger tid. Dei fleste var ferdig med siste slåttan no i slutten av august. I Ospevikja heldt Solveig på å bere inn siste høybøra. Mora gjekk nedanfor fjøsen og raka ihop noko vass-sarv som ho hadde slege til grisen. Ho likna mest på ein ravn der ho gjekk krokete med sid svart kjole som nesten sopte etter marka. Ho retta ryggen ein augneblink og myste med kvasse auge mot Solveig der ho forsvann inn gjennom låvedøra. «Svarte Gunda» måtte ha full kontroll med alt som fyre gjekk rundt ho, og Solveig slepte ho mest aldri av synet. Ho måtte ikkje verte «besudla» av satan sine freistingar som alle mannfolk var forkledd som. Solveig skulle stå rein framfor Herren når den dag kom. «Svarte Gunda» hadde vore enkje i over tjue år, og berre ein gong hadde ho slept mannen sin til med kun det for auga å avle eit barn. Det var ei plikt som ho måtte gjennom, uansett kor forferdeleg det var. Ho visste vel at mannen hennar hadde hora seg dei få gongene han hadde vore til by'n, men han hadde vorte hardt straffa når han kom heim att, både av henne og av Herren. Måtte hans syndige sjel få kvile i fred.

Ho retta ryggen og gjekk bort til måttinga, drog kjolen opp og sette seg på huk. Det kvite bakpartiet lyste som ein framand planet medan det steig sur urindamp opp frå bakken, som frå ei heksegryte medan ho gjorde sitt «fornødne». Då ho var ferdig, reiv ho laus ein mosedott og tørka seg, så reiste ho seg og blæs i nasa som ein storokse, samla saman eit fang med vass-sarv og forsvann inn i grisefjøset.

Oppe på låven hadde Solveig fått av seg høybøra og låg i høystålet å kvilte den såre ryggen sin. Ho fekk ikkje Hans'n i Båreneset ut av tankane, og det murra så søtt og godt mellom låra hennar både dag og natt. Ho hadde aldri kjent noko liknande før, denne sitringa gjorde henne uroleg og kortpusta. Solveig strauk handa forsiktig over eine brystet, brystvorta vart stiv og hard som eit stort bær. Ho kjende varme elingar som gjekk gjennom kroppen hennar og samla seg som ei eldkule mellom beina. Ho lurte på korleis det ville vere å elske med ein mann, var det vondt? Nei, ho trudde ikkje det, ho hadde lese i eit blad ein gong at det skulle vere det finaste på denne jord. Hans'n verka så øm og god, det var i allefall ikkje noko vondt i han, det hadde vore så godt då han hadde kyste henne tidlegare i sommar. Solveig hadde lova han å komme innom når ho skulle på krambua å handle, men mora hadde insistert på at ho skulle vere med. Hadde ho fått ein mistanke kanskje? Ho visste ikkje korleis det hadde gått til, men mora hadde auge som ein rovfugl og såg det meste. Det slamra i døra nede i grisefjøsen, Solveig reiste seg og kosta høy av kjolen og hengde børetoget opp på ein spikar på bjelken. I det same kjem mora inn på låven, set hendene i sida og myser utover høystålet: «Gud har lønna oss godt i år Solveig. Så lenge ein er sterk i trua og held satan på avstand, vil Herren halde si vernande hand over oss! Måtte det bli ein mild og god vinter både for oss og krøtera. Amen»!

Ute på Båreneset sat Hans'n ned med naustet og sløgde makrell. Måsen heldt eit fæla spetakkel og var så nærgåande at Hans'n måtte slå etter dei så ikkje dei hakka han i hovudet. Han ville gjere seg eit ærend inn i Ospevikja med makrell i dag, sjølv greidde han ikkje å ete opp alt han hadde fått. Det var så lenge sidan han hadde sett Solveig, han kjende eit sug for bringa kvar gong han tenkte på henne. Men det største problemet var å erobre svarte Gunnvor, det var ikkje mange som fekk audiens der i garden. Då måtte det vere ein dugande emissær, som kunne sin bibel betre enn svarte Gunnvor og dei fanst det ikkje mange av. Han kasta den siste makrellen opp i bytta og vaska kniven og nevane i sjøen. Han måtte legge ein plan slik at han fekk vere litt åleine med Solveig, men korleis det skulle gå til visste han ikkje. Hans'n trakk pipa og tobakkspungen opp av

Livet i «Fjorden»

lomma og gav seg til å stappe pipa medan han funderte på sitt store problem.

«Svarte Gunda som svigermor»? Mumla han betenkt. «Da daua no ikkje heller»!

Hans'n reiste seg og treiv bøtta, så skunda han seg opp på kjøkkenet, vaska og barberte seg. Så tok han opp to makrellar frå bøtta og la dei på kjøkkenbenken. Bøtta tok han med seg å la i veg. Då han nærma seg Ospevikja, kjende han at hjarta slo litt fortare enn vanleg. Hans'n måtte innrømme for seg sjølv av han var litt nervøs. Brått stansa han og skygde for sola med eine handa. Det sat eit menneske under ei bjørk på kalvebeite til «Svarte Gunda». Hjarta gjorde eit hopp då han såg at det var Solveig som sat der. Han glatta på håret og retta seg opp i ryggen medan han gjekk med raske skritt mot bjørka. Solveig sat i sine egne tankar, og merka ikkje at Hans'n kom før ho høyrde det knakk i ein kvist rett bak henne. Ho kvapp til og snudde seg. Der stod han, han som ho nett hadde såte å drømt på. Ho vart eldraud i andletet og reiste seg med eit bredt smil om munnen.

«Gu so du skremde meg Hans! Eg trudde eg var åleine her i ødemarka»!

«Ei slik vakker hulder har ikkje lov å vere åleine ute i skogen, då kjem det store stygge trollet og tek deg»! Hans'n sette bøtta ifrå seg og drog henne inntil seg. Han kjende den gode lukta av håret hennar, brysta som pressa seg mot bringa hans og den faste eggande kroppen hennar. Han skubba ho litt ifrå seg og såg inn i dei vakre augo hennar som blinka som stjerner. Så la han munnen sin mot leppene hennar som opna seg velvillig og tungene deira møttest i eit heftig kyss. Solveig klamra seg til Hans'n, får no var ho i himmelen. Knea ville ikkje bere henne, ho var omtrent som gele. Ho svara ivrig på kysset hans, ville det skulle vare evig. Solveig kjende handa hans nedetter ryggen, så strauk han henne forsiktig over rumpa. Det var så godt at ho kunne skrike høgt. Brått reiv ho seg laus frå den varme omfamninga. «Nei, Hans! Tenk om det kjem nokon»! Ho såg seg engsteleg omkring medan ho heiv etter pusten. Hans'n var like andpusten som Solveig. Han prøvde forsiktig å ordne den harde manndommen, slik at Solveig ikkje såg kva slags tilstand han var i. Men Solveig hadde fått det med seg, og ho kjende den søte murringa i skrittet som held på å gjere henne sprø. «Orsak Solveig», svara Hans'n litt skamfull. «Men eg greidde ikkje å dy meg. Du er som ein engel, og eg elsker denne vakre engelen over alt på jord. Har aldri elska nokon før»!

«Åå..Hans.» Ho kaste seg om halsen hans att. «Eg elsker deg òg, eg får deg ikkje ut av tankane! Det var faktisk deg eg sat på drøymde om då du kom».

«Takk Solveig». Hans'n strauk ho over håret medan han svelgde tungt. «Eg tok med meg litt makrell, slik at eg hadde ærend til å treffe deg».

«Tusen takk Hans! Då er det best me gjev oss i veg før mor etterlyser meg». Dei rusla hand i hand ned mot løa, våningshuset såg dei ikkje før dei kom lenger ned. Då sleppte dei kvarandre, og gjekk med ærverdig avstand mellom seg. Brått blei gangdøra reven opp, og ut kjem «Svarte Gunda» med pissepotta framfor seg, og hiver innhaldet bortetter bakken. Ho kvepp til då ho ser Hans'n og Solveig komme gåande. «Her ha de katta!» ropa ho medan ho ler ein kunstig hes latter. Så set ho potta frå seg og ser mistenksam på Hans'n. «E da dinna kar'n so kjeme rekande»?

«Ja da e nok da,» svara Hans'n. «Eg fekk so mykje makrell idag, og eg greie ikkje å prikkevere alt. Så då tenkte eg at du kanskje ville han noke».

«Tusen takk ska du ha Hans. Du e no et velsigna menneskje so tenkje på alle andre enn deg sjøl. Du skal nok få di lønn i himmelen. Sann mine ord».

Hans'n rakte henne bøtta. «Da e deg vel unnt Gunda. Da e beire da kjeme te nytte enn at eg ska kaste da». «Kaste da! E du frå vite mann! Nei, her på garden let me ikkje noke gå te spille. Finn ei trøys Solveig, slik at Hans'n får med seg bøtta heim»! Solveig skunda seg bort i eldhuset og fann ei bøtte som ho tømde fisken over i. «Ta fisken med deg inn på kjøkkenet Solveig og prikkever han! Eg er så giktbroten i nevane, so eg greie knapt nok halde ein kniv». Solveig tok motvillig fisken medan ho såg sårt på Hans'n. Ho ville så gjerne at dei kunne få litt meir tid ilag, men det nytta ikkje så lenge mora var her. «Ha da bra Hans, og takk for fisken!» Ho tok fiskebøtta og skunde seg inn. Hans'n plukka opp bøtta si og gjorde seg klar til heimveg. «Ha da bra begge to», svara han og skunda seg avgarde. «Svarte Gunda» sto att på tunet medan ho glodde olmt etter Hans'n. Så blæs ho i nasa og forsvann inn døra.